


Følelsen sinne i barnehagen

At barn i barnehage blir sinte av og til er det lite tvil om, men kva med oss vaksne sitt sinne? Mange vil kanskje tenke at sinne ikkje er ein følelse som passar inni jobben vår, og at det å vere profesjonell er å ikkje kjenne sinne når ein er saman med barn. Men sinne er ein følelse som skal fortelje oss at noko ikkje er greitt. Den skal gjere oss i stand til å kunne kjempe for noko som er viktig for oss eller andre, og som er trua. Oppgåvene under er meint å hjelpe oss i å rydde litt i tankar og haldningar om sinne.




Oppgåve:

1. Følelsen sinne kjem i ulike grader. Fyll inn ord/begrep for reaksjonar som heng saman med følelsen sint, i denne sinneboksa:

2. Kva kan vi oppleve på jobb i barnehagen som kan føre til slike reaksjonar i oss?

A large, irregularly shaped box with rounded corners, designed to look like a clipboard or a piece of paper. It is intended for children to write their answers to the questions in the previous section.

3. Her er nokre ulike variantar av sinnreaksjonar. Grader desse frå 0 til 10, og supplér gjerne med dei de la i boksa: (rasande, irritert, sur, sint, opprørt, provosert, indignert, arg, opptrekt, skuffa, frustrert, aggressiv.)



4. Drøft:

- Kor høgt opp på termometeret av sinnreaksjonar er det greitt for oss vaksne å kome når vi er saman med barn?
- Når vi kjenner sinnreaksjonar overfor barn, kva kan vi gjere for å regulere oss før vi handterer situasjonen eller snakkar med barnet?